

KYRKJEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 144

Kjem ut
4 gonger årleg

September 1943

Utgjevar og redaktør:
Prost R. J. Staattelid
Davik

14. Årg.

Luthers morgenbønn.

Jeg takker deg min himmelske far ved Jesus Kristus, fordi du har beskyttet meg i denne natt mot alle farer, og jeg ber deg at du også i dag vil bevare meg fra synd og ulykke. La meg få være deg til behag i alle mine tanker, ord og gjerninger, så jeg kan få tjene deg. I din ånd anbefaler jeg mitt legeme og min sjel, og alt hva mitt er. La din hellige engel være med meg, så det onde ikke får noen makt over meg. Amen.

Løft eders hender!

Løft eders hender enhver især,
løft dem mot himlen, hvor Herren er,
alle som tror at han hører.

Mennesket spår vel, men himlen rår,
skjebner der nede, og skiftende kår,
himlen den høye, i dag som i går,
evige veier oss fører.

Løft eders hender mot himlen og bed:
Himlen må senke seg signende ned
over vår jordiske væren.
Tent er hver tanke som stjerner er tent,
evig har lyset i templene brent
trangen til Gud er en lysgnist sendt
ut fra syvsternesfæren

Bønnen i verden har himlen til mål,
bønnen er flammen fra lengslenes bål
hvor det beständig brenner.
Løft eders hender i lys og lønn.
Husør ditt sinn den oppriktige bønn,
er det et tempel for Menneskets Sønn,
bygget av løftede hender.

Herman Wildenvey.

Gud er barmhjertig.

De fleste mennesker kjenner ikke den barmhjertige Gud, men bare de ubarmhjertige lover, de blinde naturkrefter. Ja, også de som tror på Gud, har store vanskeligheter med hans barmhjertighet. Kanskje det for mange er det vanskeligste ved Gud.

Er det mulig at Gud er barmhjertig, når han ser all lidelse og nød uten å gripe inn? Den selvforkyldte lidelse får så være. Men tenk på all den uforskylde! Tenk på drannerens hustru, hennes lidelse og angst dag og natt! Tenk på forbryterens barn som får brennevin innen de er avvendt fra morsmelken! Og de lærer opp

til å lyve og stjele før de er skolepliktige. Eller tenk på krigen og all dens unevnelige gru. De unge mens liv blåses ut i millionvis. Eller krigens enker og barnløse foreldre! Og så krigsinvalidene!

A ja, det behøves ingen verdenskrig for å ryste din tro på Guds barmhjertighet. Han tok din helse og krysset alle dine planer. Han tok dine penger og stengte alle veger for deg. Han tok din ektefelle eller ditt barn. Og nå har du bare ruinene igjen av ditt hjem og av hele din lykke.

Da er det ikke lett å tro at Gud er barmhjertig.

Nei, livet er ingen lek for noen av oss. Det farer hardt med oss alle. Å leve i syndens verden er dødsens alvor. Og kristendom er ingen luksus, men det nødvendigste av alt i vår verden.

Jeg skjønner ikke hvordan jeg skulde greie å leve hvis jeg ikke trodde på Gud, på den barmhjertige Gud. Særlig nå i denne forferdelige tid.

Ja, sier noen, men er Gud barmhjertig?

Ja, Gud er barmhjertig.

Men hvordan vet du det? spør du.

Jeg kjenner ham. Jeg kjenner ham personlig. Men du, kjenner du ham? Hvis ikke, bør du være forsiktig med å uttale deg for skråsikkert om Gud. Og fremfor alt: du må se å bli kjent med ham. Og da må du først lese om ham. i Det nye testamente.

Der skal du få se hvordan han er. Der møter du den Gud som ble menneske. Og han skulde ikke være barmhjertig? Himlen ble ham for trang da han så vår synd og nød.

I Det nye testamente møter du den lidende Gud. Det mest utenkbare i himmel og på jord: En lidende Gud! Og han skulde ikke være barmhjertig! Han som levet vårt liv i fattigdom og savn fra vugge til grav. Han som led våre piner i kropp og sjel. Ja, gudforlatthetens navnløse redsel. Tilsist døde han på et kors. Og midt i dødens nød ba han for sine fiender: »Far, forlat dem, for de vet ikke hva de gjør.«

Å, du guddommelige barmhjertighet! Vi tilber deg i tid og evighet!

Men der blant mine lesere fins noen som for alvor nekter at Gud er barmhjertig. Selv du som ennå ikke er en kristen, du må si til deg selv: Jo, Kristus, vår lidende Gud er barmhjertig.

Men krigen, sier du, hvordan lar den seg forene med Guds barmhjertighet?

Ja, krigen og lidelsen ja! Jeg innrømmer at dette er svære kors for min tanke og tunge anfektelser for min tro. Ja, når jeg møter disse redsler på nært hold, da kjenner jeg ofte en kvelende fornemmelse.

Men jeg tror dog på den barmhjertige Gud, for jeg kan ikke la det være. Da han tok meg usle kryp og utslettet all min synd og la min trette sjel inn til sitt hjerte, da møtte jeg den barmhjertige Gud. Og fra den stund vet jeg at han er barmhjertig!

Tross alt!

Ja, tross alt det han gjør som jeg ikke forstår.

Han har nå forresten aldri forlangt av meg at jeg skulde forstå ham. Han venter bare at jeg skal tro ham.

Jeg tenkte lenge at jeg måtte forstå ham. Og brot min lille hjerne nesten i stykker. Men etterhånden er det gått opp for meg at til det å være Gud, hører også det å være uforståelig.

Ja, i det siste har jeg begynt å takke ham fordi han er uforståelig. Jeg skjønner at han må være så stor hvis han skal klare å være Gud, klare å styre denne verden, ja endog Satan.

Jeg opplever også at det går godt å tro på Gud uten å forstå ham. Det er som med våre barn. De stoler på oss, skjønt det jo er en hel del av det vi sier og gjør som de ikke forstår. Jesus har ved en leilighet sagt litt også om dette. Det var til Peter han sa det: »Det jeg gjør, forstår du ikke nå, men du skal skjønne det siden.« Joh. 13, 7.

Men noe synes jeg dog å forstå. Når min far tuktet meg som barn, syntes jeg nok han var streng og ubarmhjertig. Men nå, nå takker jeg ham fordi han hadde forstand og mot til å tukte meg.

Vår himmelske Far er også så barmhjertig at han tukter oss. Og selv om vi under tukten synes han er hard, så ser vi etterpå at han var barmhjertig. Han gir oss sorg i verden, men glede i Gud. Han gjør oss syke i legemet, men sunne i sjelen. Han gjør oss fattige på penger, men rike på tro og fred.

Du lidende Guds barn! Kom ihu: det skal lides i syndens verden. Kristus først og så vi. Og det er ikke farlig å lide. Ja, lidelsen er en av de få ting som ikke er farlig for oss.

Du lider urettferdig, sier du. Heller ikke det er farlig. Slik led Jesus hele sitt liv. Dette er godt å minnes nå i denne tid da vi og hele vårt folk lider.

Kom ihu: ingen er så uovervinnelig som den der vil lide, som vil lide urettferdig.

Professor Hallesby.

To vitnesbyrd.

Forfattaren Vilhelm Krag skreiv mot slutten av sitt liv fylgjande om Bibelen: »Den som er bedrøvet inntil døden får nok gå sin vei på egen hånd inn i den store underlige verden som heter Bibelen.

Der finnes golde ørkener og farlige tornekrott. Der

finnes bunnløse avgrunner hvor ingen kan komme over, og veiløse villniss hvor ingen kan slippe frem. Og der finnes duftende olivenlunde med livsalige kilder og klynger av syngende cypresser, som synger sin sorgfulle sang ut i evigheten. Og der finnes vidunderlige rosenhaver, skjønnere enn alt annet i verden. Og langt inne i rosenhavene sitter Mesteren selv, og han sier til den som er bedrøvet inntil døden: »Kom hit til meg alle I som strever og har det tungt, og jeg vil gi eder hvile.«

Forfattaren Per Sivle segjer sjølv i eit dikt at han kom burt frå kristendomen.

Då var det ein gong ein kjenning som spurde honom til råds: »Du som har prøvd å vera ein kristen og no er fritenkjar, kva vil du råda meg til? Eg er kome i stor tvil om kristendommen.«

Per Sivle svara: »Kjære deg, kan du so sant halda fast på kristendomen, so gjør det. For det kan eg segja deg: Ein gong var eg lukkeleg. Det var då eg var ein kristen. Ein gong var eg sann. Det var då eg var ein kristen.«



Våre døde.

- 17. mai: Synneve Andersdtr. Bakke; ug. tenar; f. 1864.
- 22. mai: Josef Didriksson Almenning; g. kårmann; f. 1854.
- 28. mai: Brynjel Olsson Maurstad, e., kårmann; f. 1859.
- 29. mai: Inga Isaksdtr. Fedje, Ramsevik; kårenkje; f. 1866 i Husevåg.
- 1. juli: Anna Josefsdtr. Almenning; ug. pensjonert telegrafistinne; f. 1882.
- 7. juli: Johan Ellingsson Olsbø; e., kårmann; f. 1871.
- 9. juli: Synneve Federsdtr. Kjøllesdal, kårenkje; f. 1863.
- 20. juli: Kristian Johansson Kvien; g. kårmann; 1875.
- 4. august: Marie Nilsdtr. Bakke; kårenkje; f. 1856 i Gillesdal.
- 12. august: Anne Antonsdtr. Endal; kårenkje; f. 1857 i Hyen.

Sterkest stråler korsets lys
midt i dødens kolde gry.

Claus Frimann-segner.

På ei ferd gjennom Nordfjord 1931, skreiv eg ned eit par segner um diktarpresten Claus Frimann.

I strandi millom Midtgjeld og Lefdal stod i gamle dagar ein steinkross. Frimann fekk hug å flytta krossen til Prestegardstunet i Davik. Det vart til sist gjort av leigefolki hans og krossen vart sett opp i tunet: — Men då vart det leven i tunet. Kvar kveld såg einkvan skrymt, og ofte spøkte det både i det eine eller det andre av gardshusi. Frimann vart til sist leid av dette og bad drengen sin å taka krossen burt og føra han yver fjorden att til Korsstrandi. Drengen so gjorde. Men då han skulde landfesta båten i strandi, vart han var eit stort skrymt, som såg på han. Han velte krossen or båten og ned i fjøra, og so umsynslaust at eine armen vart slegen av krossen. So sprengrodde han heimatt til Davik. Krossen skal seinare vera ferd til Bjørgvin.

*
Frimann selde ein gong ei sildelast til ein Bjørgvins kjøpmann, men då han fekk oppgjerd, totte han kiom-

mannen hadde for stort svinn når sildi var umlagd og sende difor eit klagebrev til honom. Men kjøpmannen svara med å herma slutningslinorne or ei i si tid mykje kjend Frimanns-visa: En Skrädders Sang:

Hvo har ei sin Saks
hvormed i sit Slags
lidt udenfor Malet han klipper.

*

Son hans studerte. Til ein eksamen var han ikkje vidare heppen. Då han kom heim, stod Frimann og tok imot han i båtstødi med desse ord:

Bliw Ingenting
saa blir du ikke mindre.
saa gjør du ingen Mén
og ingen er til Hinder.

Olaf Hanssen.

Notisar.

Døpte: 23. mai Jorunn Oddlaug, f. 17. mars av f. Jakob Monsen Kroken og k. Dagny Pedersdtr. (f. Maurstad). — 6. juni Reidar, f. 22. april av f. John Pedersson Johnsen og k. Synneve Eliasdtr. (f. Loen). — S. d. Solfrid, f. 4. mai av f. lærar Johannes Olsson Hatlegjerde og k. Ragna Kristofersdtr. (f. Midtbø). — 13. juni Per Ivar, f. 1. mai av f. Anders Larsson Lefdal og k. Elise Pedersdtr. (f. Lefdahl). — 11. juli Svein, f. 22. mai av f. Sverre Isaksson Gangsøy og k. Ruth Kristiansdtr. (f. Johnsen). — S. d. Magny Irene, f. 29. nov. av f. Ivar Johansson Nygård og k. Solveig Pedersdtr. (f. Kjørslevik). — S. d. Bjørg Matilde, f. 11. juni av f. Peder Paulsson Midtbø og k. Aletta Andersdtr. (f. Førde). — 25. juli Kjell Olav, f. 19. juni av f. Håkon Thuen og k. Anna Martinusdtr. (f. Strømmen). — 3. aug. Odd, f. 17. juni av f. Samson Olaison Nyvoll og k. Sofie Hedvinsdtr. (f. Svoen). — 15. aug. Alv Matias og Kari Johanna, f. 29. mai av f. Karl Rasmussen Ødegård og k. Jenny Klausdtr. (f. Håvik). — S. d. Vigur Roald, f. 2. juni av f. Olav Valdemarsson Endal og k. Signe Reieisdtr. (f. Endal).

Ekterigde: 12. juni Oskar Josefsson Gangsøy og Jofrid Ivarsdr. Husevåg. — 11. juli Johan Jakobsson Ytrevik og Liv Jonasdr. Bakke, Selje. — 1. aug. Martin Pedersson Kolset og Jorunn Olufsdtr. Leirgulen. — 20. aug. Sigmund Alfredsson Myrvang og Anna Andreasdtr. Årset.

Basar i Alfot 23. mai for sjømannsmisjonen 725 kr.

Til det Norske Misjonsselskap kom i 1942 inn i Davik sokn kr. 1499.63, i Rugsund sokn 1755.38 og i Alfot 703.51. I 1941 var det 992.62 og 2008.10 og 465.25. Det er altsa gledelig framgang i Davik og Alfot.

Aremålsdagar. 8.0 år; 21. desember Peder R. Hausie. 75 år; 23. oktober Knut A. Horn. 27. november Steffen J. Myklebust. — 70 år: 5. des. Lars E. Runshaug. 60 år: 12. des. Hans B. Kjøllesdal. — 50 år: 10. okt. Bernt K. Sandal. 20. nov. Anton S. Berle. 11. des. Tollef M. Førde. 27. des. Klaus M. Leirgulen.

For 100 år sidan. Vigde: 29. nov. 1843 Anders Leergulen, son til Niels Andersen Nave, 47 år, og Kari Vingen, dtr. til Hans Olsen Dommesteen, 50 år. — Døde: 9. okt. Christi Jetmundsdtr. Brobakke, kårkone, 88 år. — 15. okt. Ellef Absalonsen Helleren, gårdmann, 70 år. — 21. okt. Mari Rasmusdtr. Hole, kårkone, 97 år. — 2. nov. Chlara Monsdtr. Riisøen, gårdmannskone, 49 år. — 26. nov. Anne Olsdtr. Ytre

Isene, kårkone, 75 år. — 11. des. Absalon Torgersen Indre Isene, gårdmann, 52 år. — 14. des. Abel Christophersen Kjøllesdal, gårdmann, 47 år, druknet. — 12. nov. Seborg Abelsdtr. Muurstad, gårdmannskone, 86 år. — 17. des. Erik Jensen Gloføg, gårdmann, 43 år.

Gudstenester:

15. s. etter treein..	3. oktober:	Rugsund.
16. —»—	10. »	Davik.
17. —»—	17. »	Kjøllesdal.
18. —»—	24. »	Rugsund.
19. —»—	31. »	Alfot.
Bededag,	5. novbr:	Totland.
Helgarmesse sund.	7. »	Davik.
21. s. etter treein.	14. »	Kjøllesdal.
22. —»—	21. »	Rugsund.
1. s. i advent,	28. »	Alfot.
2. —»—	5. desbr:	Davik.
3. —»—	12. »	Rugsund.
4. —»—	19. »	Alfot.
1. joledag,	25. »	Davik.
2. joledag,	26. »	Rugsund.

Kvittering for kontingent: Oline Bøen, Olav Kroken, Ole A. Humborstad, Karl Klubben, Jonas Rimstad 5 kr. — Peder K. Elde, Kristen P. Ravnefjell 2.50. — Olav Endal, P. H. Endal, John Runshaug, Helene Askeland, Synneve L. Vik 2. — Josef Elde, Harald Heggedal, Synneve J. Klubben 3. — Olav Vemmålvik 4. — Marie Nymoen 10 kr. — Tils. 63 kr.

Hjarteleg takk til alle.
Neste nummer av Kyrkjebladet skal koma i desember

Saga um Saul frå Tarsus.

(Framhald).

Der var fem store lysthagar i Efesus, og Paulus leide ein av dei store læresalane der til sine møte, og huset vart pakkande fullt. Her stridde han mot den teosoff og spiritisme som han først hadde møtt hjá Sergius Paulus på Kypern. Det var ein holmgang mellom troldomskunsten og det kristne evangelium. Liksom det har hendt seinare i kyrkja med relikviar etter dei heilage, såleis tok folk her lommedukar og liknande som apostelen hadde bruk, og bær til dei sjuke, og dei vart friske. Så mektig var Paulus's påkalling av Jesu heilage namn, at nokre åndemanarar tok til å bruka det til sine kunster. Dei sju sónene til Skeuas var kjende spiritistar, og dei prøvde å bruka det heilage namnet uian å ha den kristne tru. Resultatet var ein stor siger for Paulus og dei kristne, og det førde mange inn i kyrkja. Dei laga ein briseld av troldomsbøkene sine og brende offentleg handskrifter som var verd 50 000 sylvpengar.

Så sterk var kyrkjn at ho gjorde den synd som verda aldri tilgjev, ho rørde ved dei økonomiske interesser åt borgarskapet og kapitalistane. Og då vart det sett stoppar for Paulus's arbeid av ein bymann, og det var formannen for sylvsmedlaugen. I året 54 var det liten søknad til den store marknaden i Efesus, og det vart selt mindre av dei små sylvbileta av Artemis-altaret, som elles var så populære. Paulus fekk skulda, og Demetrius kalla saman til protestmøte. »Mine herrer«, sa han, »stoda er kritisk; det må gjerast noko ålvorleg; vårt brød og smør er i fåre; difor, lat oss verja vår religion«. Eigeninteresse og lokalpatroitsme verkar alltid godt når det gjeld om å vekkja

religiøs iver. Det store opplaupet i Efesus er eit fyrste-klasses døme på det, og Paulus laut etter koma seg vekk, denne gongen langs med havstranda til Troas.

XXII.

Fra no av var styremaktene i den jødiske kyrkjja og det jødiske parti i den kristne kyrkjja fastradde på å rydja han or vegen. Det var dei romerske autoritetane som reiv han ut or nevane åt landsmennene hans då dei heldt på og skulde ta livet av han. Deretter heldt staten han i trygg forvaring i fleire år, først i Cæsarea og så i Rom. Han vart slept laus då dei jødiske snikmordarane hadde gjeve opp å forfylgja han lenger. Tilslutt vart han sett fast av keisar Nero som ynskte å finna syndebukkar for sitt eige påfynster, då han sette eld på Rom for å få sjå kor storslede det tok seg ut når det stod i logar. Og endeleg vart han avretta på den måten som var ein romersk borgar verdig.

Dei seks månadene etter opplaupet i Efesus var ei kritisk tid for Paulus, ei tung og tragisk tid. Han var uroleg for korleis det gjekk i Korint, og hadde i Efesus skrive fyrste brevet til Korintiarane. Han hadde planar om å fara til Korint gjennom Makedonia. Røminga fra Efesus skipla denne planen, og uroleg og medteken reiste han frå Troas, der han saka Titus, og kom venteleg til Filippi. Her fekk han betre meldingar frå Korint og skreiv dei fyrste sju kapitel i det andre Korintier-brevet. Men no nærma seg tida for den viktige ferda til Jerusalem med det som var innsamla i dei heidningkristne kyrkjelydane til dei fatige brørne der. På grunn av åtaka frå det jødiske partiet gjekk det heller dårlig med innsamlinga, og difor skreiv han det åttande og niande kapitel. Så kom der därlege meldingar att. Ein framståande jødechristen førde åtaket mot Paulus's evangelium. Lukas i Apostel-gjerningane let vera å nemma namnet hans. Han kom med alle argumenta mot Paulus og hans forkynning og ser ut til å ha rive alle med seg. Dette er grunnen til desse siste ildfulle kapitel i andre Korintiarbrev. Eg trur det var på same tid han fekk vita at arbeidet hans i Galatia var øydelagt. Vel kunde Paulus ropa liksom hans herre hadde gjort det: »Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg.« Men, liksom Herren stridde han seg igjennom det.

Hjarteverken hans i desse dagane gav oss Galatarbrevet, der han set fram for alle tider den kristne løyndomen, rettferdiggeringa av tru. Og då det verste var over, skreiv han brevet til romarane, der han handsama emnet i ei systematisk utgreining som han våren etter sende med diakonissa Føbe.

XXIII.

Han stridde seg igjennom. Paulus kom til Korint og var der om vinteren. Han yann etter kyrkjelyden for seg, sterkare enn før. Og så drog han, liksom sin Herre, opp til Jerusalem for siste gongen for at alt skulde verta fullført.

Då påskefesten nærma seg, vart alt gjort ferdig til den store Jeusalem-forda med dei innsamla gavene. Det var ei stor affære; utsendingar fra dei ymse kyrkjelydane skulde vera med, og dei tok seg får fra hamna i Korint. Det var kjent at det stod om livet for Paulus, og kvelden før han skulde fara kom det for dagen at det var nokre som hadde etla seg til å myrda han på skipet. Venteleg var det ein kristen træl i hamnestroket i Kenkre som fekk greie på det. Paulus

kom seg undan til Makedonia; dei andre tok sjøvegen til Troas, der dei vilde venta på han.

Paulus heldt påske i Filippi og tok med seg Lukas derifrå. Kanskje sette dei over til Troas i eit handelskip, og leigde seg der eit privat farty for heile fylgjet; då var dei trygge og kunde stogga kvar dei vilde. — I Troas heldt kyrkjelyden gudsteneste og hørde Paulus's farvelord, som enda med at guten Eutychus fall ned frå tridje høgda og at Paulus reiste han oppatt. Alle såg på dette som eit under. Så byrja den høgtidsame ferda hans mot døden. Alle stader der han stogga, kom kyrkjelydane for å seia farvel. I Milet stod dei eldste frå Efesus gråtande på stranda og fylgde skipet med augo til det kvarv bort. I Cæsarea stod profeten Agabus fram for han og spådde om hans død. Her braut heile flokken av utsendingar ut i gråt og tigga Paulus om å ikkje fara lenger. Men han heldt roleg fram, og dagen føre sabbaten drog den store karavane, fullsett med gaver til dei fatige, inn i den heilage byen.

Sabbaten var den kritiske dag. Der vart halde ei kyrkjeforsamling. Jakob førde forsetet, med sine cidste ikring seg. Dei andre apostlane var ikkje lenger i Jerusalem. Ein fann det best å ikkje la lekfolket vera tilstades. Dei heidningkristne bar fram gavene frå sine kyrkjelyder. Paulus og Jakob helsa kvarandre med fredskyss. Dei eldste helsa og på Paulus. Dei heidningkristne stod der så fatige; ingen gav dei den kristne broderhelsing. Det skin igjennom hjå Lukas at dei kjende seg djupt vonbrotne over den måten dei vart mottekne på. Då fortalte Paulus om det som var hendt i dei sju åra sidan han sist vitja den heilage byen, og litt om senn smelta kule, og der lydde eit høgt: Lova vere Gud! Dgi var redda for kor det skulde gå med han, og dei rådde han til straks å gå opp i templet ilag med fire fatige kristne som hadde å fullföra ein heilag løypa. »Då vil du vera trygg ei vike,« sa dei, »og så får vi sjå kva som kan gjerast.« Paulus lydde dei. Bort imot slutten av vika måtte han gå ut or det romet der han var løynd, for å ordna betalinga med portane, og i føregarden åt kvinnene fekk dei augo på han. Dei skreik opp: »Her er forrædaren! Han har slept ein heidning inn i heilagdomen!« Dette var lygn. I neste augneblinken hadde dei teke han. Han var inne i sjølvे templet, og dei drog han ut gjennom den store porten til den troppa som førde 15 stig nedover til føregarden åt heidningane. Eit lite stykke frå denne troppa var det indre templet inngjerda av ein låg mur med oppslag: »Heidningar som går over dette gjerde, lyt døy.« Dei kunde ikkje drepa Paulus innanfor gjerdet — det vilde vera å vanhelga heilagdomen — dei måtte ha han ut. Fra det øvste troppestiget kunde ein sjå dei romerske soldatbarakkane. Frå dei førde ei tropp ned til føregarden åt heidningane. Den hylande flokken drog Paulus nedover troppa, og levitane let att dei store massingdørene. Paulus var stengd ute. Han såg den låge, kvite muren framfor seg, den som stengde ute heidningane og som for han skulde vera inngangen til døden. Det høvde jo godt! Og så hende to ting: Han vart hivd ut gjennom opninga i muren for å døy, og med det same ramla ein flokk brynjekledd menn ned troppa frå barakkane og sturta inn i føregarden åt heidningane. (Meir).